

**Ikkje stor hjortejakt førebels****11.10.2011**

**I Uskedalen kan det fellast 156 hjortar denne hausten, men stikkprøver tyder på at det ikkje har vært særlig omfattande hjortejakt førebels. Dei siste dagane har det imidlertid kome fleire meldingar om at tildels store flokkar med dyr er sett i låglandet og jegarar uskedalen.no har hatt kontakt med reknar med at det blir meir fart på jakta framover.**

- Kjem det snø i fjellet er det grunn til å håpa på betre jakt, seier Hallvard Døssland i valdet Øvre Feet/Døssland. Der er det lov å fella 27 dyr - som i fjar - men til no er det felt berre 8. Det er omrent samme avskyting som i fjar på denne tida.

Døssland har imidlertid ein mistanke om at bestanden er noko mindre enn i fjar, men dei har også halde litt igjen med jakta fordi det er eit betydeleg innslag av nybegynnurar blant jegarane. Men så seint som i dag er det sett dyr og det lovar bra.

Tor Ove Haugland kan opplysa at det på Haugland-valdet er felt 10 dyr førebels og at dei no har att å fella 25 av treårsplanen som omfattar 84 dyr. Det var tidlegare eit betydeleg skadeomfang i området men alt tyder på at planen har vore vellukka med omsyn til felling. Det har vore få dyr å sjå tidlegare i jakt-tida, men no er det observert opptil 8 på ein gong.

Av Ola Matti Mathisen